



Kven vil ha bøken til familien Dagestad? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kjetil Dagestad trudde ikkje det skulle bli noko problem å bli kvitt gigantbøken – truleg den største i bygda – som han fekk Vedalaget frå Husnes til å fella for eitpar veker sidan.

Han trudde at det ville bli konkurranse om rotstokken etter at han hadde kapp opp resten til ved for eige bruk og levert kvistane til SIM. Men då tok han feil.

Den velvaksne, seks meter lange rotstokken ligg framleis framfor huset i Halsabrotet og ventar på ein som er interessert i å ha han anten til ved eller til eit anna og meir høgverdig føremål.

- Den er for stor, er omkvedet han får når Kjetil ringar og ikkje kan leggja skjul på at bøkestokken nær rota har ein diameter på halvannan meter og måler i overkant av fire meter i omkrets.

Kjetil ringte slike som kallast trekunstnarar og som han visste set stor pris på bøk. Dei bekrefta at dette treslaget er storveis å arbeide med. Men dei rygga tilbake for storleiken.

Det samme gjorde ein møbelfabrikk nær Bergen, som også tykte at det var for langt å dra til Uskedalen for å henta giganten.

AFA var heller ikkje interessert – også dei på grunn av størrelsen.

Så førebels ligg bøken der – som ein attraksjon.

Av Ola Matti Mathisen